

2016

ÅRSRAPPORT



Innhold

Forord	3
GENERELL INFORMASJON	4
1. Banken og verksemda	4
2. Viktige hendingar i 2016	6
3. Finansiell kalender 2017.....	6
4. Nøkkeltal for konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres	7
ÅRSRAPPORT	8
5. Årsmelding 2016	8
6. Resultatrekneskap	24
7. Balanse per 31. desember 2016	26
8. Endring i eigenkapital.....	28
9. Kontantstraumoppstilling	29
10. Notar til konsernrekneskapen 2016	30
11. Erklæring frå styret og dagleg leiar	49
12. Revisjonsberetning 2016	50
ANNA INFORMASJON	53
13. Hovudorganisasjon	53
14. Presentasjon av styret.....	54
15. Forstandarskap og revisjon	55



Solid og i posisjon for videre vekst

2016 ble et godt år i finansbransjen. Dette skyldes litt ekstraordinære inntekter, et godt verdipapirmarked og relativt lave tap (noen unntak for banker med eksponering i olje- og offshorenæringen). I tråd med dette leverer SpareBank 1 Hallingdal Valdres det beste morbank-resultatet og det nest beste konsernresultatet i historien. Selv om vi «flyter» litt på gode tider så har SpareBank 1 Hallingdal Valdres en sterk posisjon i vårt markedsområde fordi vi har tatt nødvendige endringer i tide – både de morsomme og de mindre morsomme. Dette takket være medarbeidere som ser hvilke tilpasninger som er nødvendige for å være en attraktiv leverandør av våre tjenester. Vi er et konsern som har lang fartstid i Hallingdal og Valdres. Vi har klart å bygge soliditet gjennom gode resultater samtidig med god vekst. Vi har samlet våre virksomheter – bank, forsikring, eiendomsmegling og regnskapstjenester i felles lokalkontor – bred og svært god kompetanse som er tilgjengelig for våre kunder. Gjennom våre sponsoravtaler og våre to eiere – Sparebankstiftelsene i Hallingdal og Øystre Slidre – ga vi over 9 millioner kroner tilbake til ideelle organisasjoner innenfor idrett og kultur. Alle våre kunder er dermed viktige bidragsytere til vekst og trivsel i våre lokalsamfunn.

Vi beholder kontornettverket på 10 kontorer mens andre bygger ned. Vi tar dermed vare på lokale attraktive kompetansearbeidsplasser. Vi tar en aktiv posisjon for vårt miljø gjennom miljølån og nå også sol-lån. Vi har tro på at alle kan bidra til et bærekraftig miljø og ønsker at våre kunder i SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal finne en god samarbeidspartner for å gjennomføre egne tiltak.

Vi har gjennomført 2016 med nødvendige omstillinger for framtiden samtidig som vi leverer et sterkt økonomisk resultat som gir muligheter for videre vekst. Vi har tro på å videreføre SpareBank 1 Hallingdal Valdres med konkurransedyktige virksomheter og godt resultat også i 2017. Virksomheter som drives etter visjon om å være anbefalt av sine kunder.

Knut Oscar Fleten

GENERELL INFORMASJON

1. Banken og verksemda

Historikk

Banken har ei lang og tradisjonsrik historie som går attende til 1868. I Hallingdal har banken sitt utspring frå Aal Sparebank som vart starta i 1870 og Hemsedal Sparebank som opna i 1907. Desse bankane fusjonerte i 1999. I Valdres starta drifta med Øystre Slidre Sparebank i 1868. Øystre Slidre Sparebank vart innfusjonert i 2012.

Visjon, verdiar og mål

Konsernet sin visjon er å vere "anbefalt av kunden" i konsernet sitt marknadsområde som er Hallingdal og Valdres. Drifta skal vere tufta på verdiene "engasjert" og "dyktig".

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal oppnå auka inntening gjennom samarbeid om kundeleveransar på tvers av konsernet sine forretningsområde. Målgruppa er alle kundar med tilknyting til Hallingdal og Valdres. Sparebank er kjerneverksemda, men verdikjeda skal styrkast gjennom formidling av forsikring, eigedomsmekling, rekneskap og økonomisk rådgjeving.

Konsernet skal vere ein attraktiv og god arbeidsplass med kompetente medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring.

Den daglege drifta skal utøvast så skånsamt som mogeleg for menneske og miljø.

Konsernet har ei målsetting om å ha god kapitaldekning og levere gode resultat som gir eit godt utbytte til eigarane.

Forretningsområde

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er i dag eit konsern med verksemnd innafor fleire område. Sparebankverksemda er kjernen i konsernet og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar.

Konsernet driv i tillegg verksemnd innafor områda rekneskapsføring, eigedomsmekling, investeringsverksemnd og lokalt samfunnsengasjement. I tillegg kjem meir interne område som fellesfunksjonar og eigedomsutvikling av eigne lokale.

Desse verksemndene blir drive gjennom eigne datterselskap som er SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS innafor rekneskapsføring. Eigedomsmekling blir drive av selskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Drift av eigedomar skjer gjennom datterselskapet SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS og investeringar gjennom SpareBank 1 Hallingdal Invest AS.

Marknadsområde

Konsernet sitt marknadsområde er Hallingdal og Valdres. I Hallingdal ligg tyngdepunktet i kommunane Ål, Gol og Hemsedal, medan i Valdres er tyngdepunktet kommunane Øystre Slidre og Nord-Aurdal.

Verksemda

Verksemda er bygd opp omkring dei lokale bankkontora samt eit kundesenter med utvida opningstider. Rådgjevinga skal

vere bygd på god lokalkunnskap og høg fagleg kompetanse som gjer verksemda fleksibel og effektiv.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå sju likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Geilo, Ål, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

Datterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS er lokalisert i Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen. EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS er lokalisert på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen vart etablert i 1996 og er eit bank- og produktamarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleside selskapene SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Banksamarbeidet DA.

SpareBank 1-alliansen er Noregs nest største finansgruppering. Alliansen består av sjølvstendige bankar som er fullverdige leverandørar av finansielle produkt og tenester til privatpersonar, bedrifter og organisasjonar.

Kundane skal oppleve at SpareBank 1-alliansen er den beste på nærleik, lokal forankring og kompetanse. Totalt har alliansen ca. 7000 medarbeidarar, der ca. 1200 er tilknytt SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Banksamarbeidet med datterselskap.

SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Banksamarbeidet utgjer Alliansesamarbeidet. Føremålet med Alliansesamarbeidet er å levere attraktive produkt og tenester med fokus på gode kundeopplevelingar. Dette styrkar SpareBank 1-bankene si konkurranseskraft og lønnsemnd, slik at dei kan halde fram med å vere sterke og sjølvstendige. Alliansesamarbeidet sin visjon er: Attraktiv for kundane og bankane.

SpareBank 1 Gruppen AS er 100 % eigd av SpareBank 1-bankar og Landsorganisasjonen LO med følgjande eigarbrøkar:

SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %), SpareBank 1 SMN (19,5 %), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %), Sparebanken Hedmark (11 %), SpareBank 1 Oslo Akershus (1,4 %) og Landsorganisasjonen og fagforbund tilknytt LO (9,6 %).

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100 % av aksjane i følgjande datterselskap:

- SpareBank 1 Forsikring AS
- SpareBank 1 Medlemskort AS
- SpareBank 1 Skadeforsikring AS
- SpareBank 1 Gruppen Finans AS
- ODIN Forvaltning AS
- Conecto AS

Desse selskapene utviklar og leverer produkt til alliansebankane, som tilbýr desse til sine kundar i lokalmarknaden.

SpareBank 1 Banksamarbeidet DA er eigd av SpareBank 1 SR-Bank (18 %), SpareBank 1 Nord-Norge (18 %), SpareBank 1 SMN (18 %), Samarbeidende Sparebanker AS (18 %), Sparebanken Hedmark (11 %), SpareBank 1 Gruppen (10 %) og SpareBank 1 Oslo Akershus (7 %).

Desse 16 sjølvstendige bankane er saman om SpareBank 1-alliansen



SpareBank 1 BV
SpareBank 1 Gudbrandsdal
SpareBank 1 Hallingdal Valdres
SpareBank 1 Lom og Skjåk
SpareBank 1 Modum
SpareBank 1 Nord-Norge
SpareBank 1 Nordvest
SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg
Bank 1 Oslo Akershus AS
SpareBank 1 Ringerike Hadeland
SpareBank 1 SMN
SpareBank 1 SR-Bank ASA
SpareBank 1 Søre Sunnmøre
SpareBank 1 Telemark
SpareBank 1 Østfold Akershus
Sparebanken Hedmark

Av dei 16 sjølvstendige sparebankane i SpareBank 1-alliansen er:

- ✓ 6 børsnoterte eigenkapitalbevisbankar
- ✓ 8 tradisjonelle eigenkapitalbevisbankar
- ✓ 1 aksjesparebank
- ✓ 1 forretningsbank



SpareBank 1

SpareBank 1 Banksamarbeidet leverer forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til alliansebankane som kundar, og bidreg til at felles utvikling og felles aktivitetar gir eigarbankane stordrifts- og kompetansefordelar. Selskapet eig og forvaltar også alliansen sine immaterielle rettar under felles merkevarenamn – SpareBank 1.

SpareBank 1 Banksamarbeidet utviklar og leverer felles IT/mobilloysingar, merkevare- og marknadsføringskonsept, forretningskonsept, kompetanse, analyser, prosessar, beste-praksis-løysingar og innkjøp.

SpareBank 1 Banksamarbeidet DA eig 100% av aksjane i følgjande datterselskap:

- EiendomsMegler 1 Norge AS
- SpareBank 1 Kundesenter AS
- SpareBank 1 Verdipapirservice AS
- SpareBank 1 ID AS
- SpareBank 1 Axept AS

2. Viktige hendingar i 2016

Januar:

- Bloggen vår, www.driv.ssb.no, har mange besøkjande. Bloggen er viktig for å synleggjera vårt lokale engasjement og dette er konsernet si landingsside der saker gjennom heile året blir delt på Facebook. Sakene er hyppig besøkt og delt.

Februar:

- SpareBank 1 kjøpte opp mCASH som mobil betalingsløysing. Startar arbeidet med å introdusere løysinga for lag og foreiningar i Hallingdal og Valdres.

Mars:

- Etablering av Felles Fakturasentral for SamSpar. 4 tilsette startar opp i ca. 3 årsverk utover våren. Fakturasentralen handsamar inngående faktura for 10 SpareBank 1-bankar.

April:

- Inngår nye sponsoravtalar med Bagn IL og Jørn Hilme-stemnet samt Folkemusikkveka på ÅL.
- Konsernet er godt profilert som ein av hovudsponsorane for Skarverennet. Rennet blir nok ein gong gjennomført med mange deltakarar under fine rammer.

Mai:

- Miljølån for kundar blir lansert 1. mai. Med dette tilbodet ønskjer banken å ta ein posisjon i marknaden som ein bank som tenker på miljøet.
- Torpo skule vinn kr 40.000 i ein nasjonal mCASH-konkurranse saman med SpareBank 1 og P4.

Juli:

- Samarbeidsavtale med Forskerfabrikken etablert. Tiltak blir gjennomført i Valdres i skuleferien.

August:

- Konsernskulen startar opp med første samling. Dette er ei tiltak for å styrke samhandlinga i konsernet ut mot kundane. Ein del kundar er difor invitert med og deltek saman med bank, forsikring, rekneskap og eigedomsmeklar.

September:

- Er på skulebesøk hjå dei fleste ungdomsskulane i Hallingdal og Valdres med tema som "ungdom og karriereval», «korleis drive ei elevbedrift» og «personleg økonomi».

Oktober:

- Med som arrangør av Hallingdalskonferansen der tema er «fremtidens muligheter».
- Banken er med som støttespelar til prosjektet Innovasjonsløft Hallingdal med fokus på vidareutvikling av idear, prosjekt eller ei utfordring.

November:

- God markering av konsernet under Beitospalten, som også denne gongen er opningsrenn for langrennslitelen.
- SpareBank 1 Forsikring toppar analysebyrået EPSI Norge si undersøking av kor nøgde nordmenn er med forsikringsselskapen og handtering av skader.

Desember

- «All time high» for Fjellmegleren – sel 638 eigedomar i 2016! (603 i 2015 og 503 i 2014)
- Årets julegåve frå banken på kr 100.000,- går til organisasjonane Redd Barna og Leger Uten Grenser.

3. Finansiell kalender 2017

14. februar

Styremøte offisiell rekneskap for 2016.

7. mars

Forstandarskapsmøte og fastsetting
av årsoppgjer og utbytte.

10. mai.

Resultat 1. kvartal

14. august

Resultat 2. kvartal

11. november

Resultat 3. kvartal

4. Nøkkeltal for konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres

Konsern	2016	2015	2014	2013	2012*
Resultatrekneskap (tusen kroner)					
Netto renteinntekter	154.416	154.211	151.597	137.963	108.011
Netto provisjons- og andre inntekter	188.993	167.299	191.142	155.414	118.657
Driftskostnader	218.785	201.381	211.828	194.176	182.005
Resultat før tap	124.624	120.129	130.911	103.535	44.663
Tap på utlån og garantiar	9.148	6.332	14.375	10.976	16.002
Årsoverskot	94.505	88.966	104.068	72.160	23.177
Balanse (tusen kroner)					
Brutto utlån	7.582.727	6.979.894	6.653.033	6.451.412	5.840.924
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt	2.092.551	1.887.200	1.763.483	1.556.673	1.226.648
Brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	9.675.278	8.867.094	8.416.516	8.008.085	7.067.572
Individuelle nedskrivningar og nedskriving på grupper av utlån	46.457	44.616	48.889	43.552	36.303
Innskot frå kundar	6.580.720	5.978.157	5.638.366	4.741.537	4.508.794
Forvaltningskapital	9.169.285	8.689.978	8.546.357	7.546.086	6.781.991
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	8.929.632	8.618.168	8.046.222	7.164.039	6.351.523
Gjennomsnittleg eigenkapital	1.194.998	1.135.245	1.067.764	998.849	907.121
Nøkkeltal (%)					
Rentenetto	1,73	1,79	1,88	1,93	1,70
Driftskostnader	2,45	2,34	2,63	2,71	2,87
Kostnadsprosent	63,7	62,6	61,8	65,2	80,3
Tapsprosent utlån	0,12	0,09	0,22	0,17	0,28
Mislegthalde (netto)	0,77	0,90	1,04	1,43	1,88
Innskotsdekning	86,8	85,6	84,7	73,5	77,2
Totalrentabilitet	1,06	1,03	1,29	1,01	0,18
Eigenkapitalavkastning etter skatt	7,91	7,84	9,75	7,22	1,28
Kapitaldekningsprosent	18,49	17,56	16,67	16,67	15,54
Kjernekapitalprosent	18,49	17,56	16,67	16,67	15,54
Rein kjernekapital i prosent	18,49	17,56	16,67	16,67	15,54
Uvekta kjernekapitalandel i prosent	10,08	10,23			
LCR i prosent, norske kroner	111	89	120		
LCR i prosent, totalt	112	89			
Vekst i innskot	10,1	6,0	18,9	5,2	21,3
Vekst i brutto utlån	8,6	4,9	3,1	10,5	16,1
Vekst i brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	9,1	5,4	5,1	13,3	22,0

* Balansetal med tilhøyrande nøkkeltal i 2012 er påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank.

Definisjonar

Rentenetto

- Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Driftskostnader

- Personalkostnader, IT-kostnader, ordinære avskrivningar og andre driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Kostnadsprosent

- Driftskostnader i % av netto inntekter

Tapsprosent utlån

- Årets tapsavsetningar på utlån og garantiar i % av brutto utlån

Misleghaldsprosent

- Netto mislighalde engasjement (over 90 dagar) i prosent av brutto engasjement

Totalrentabilitet

- Resultat etter tap og skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Eigenkapitalavkastning etter skatt

- Resultat av ordinær drift etter skatt i % av gjennomsnittleg eigenkapital

Kapitaldekningsprosent

- Netto ansvarleg kapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

Kjernekapitaldekningsprosent

- Kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

Rein kjernekapitaldekningsprosent

- Rein kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

Uvekta kjernekapitalandel (leverage ratio)

- Rein kjernekapital eller kjernekapital i forhold til verdien av alle egedelar og ikkje balanseførte forpliktingar utan at egedelane er risikovekta.

- Uvekta kjernekapitalandel blir rapportert per utgangen av kvartalet.

LCR (Liquidity Coverage Ratio)

- Banken sine likvide egedelar målt i forhold til netto likviditetsutgang 30 dagar fram i tid i ein gitt stressituasjon.

- Frå 31.12.2016 er LCR-kravet minst 80 %.

ÅRSRAPPORT

5. Årsmelding 2016

SpareBank 1 Hallingdal Valdres var i 2016 den 32. største av totalt ca 119 bankar i Noreg. Banken har ikkje noko hovudkontor, men har fullservicekontor på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal i Hallingdal og Beitostølen, Heggenes og Fagernes i Valdres.

Banken utstedte i 2012 eigenkapitalbevis der Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre er eigrarar av desse etter fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank same året.

Banken fører rekneskapen etter norske reknesaksreglar, NGAAP (Norwegian Generally Accepted Accounting Principles). Dette er reglar som er nedfelt i reknesakslova frå 1988 og God regnskapsskikk i Noreg.

Verksemdsområde og marknad

I konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres inngår morbanken og datterselskapa innafor egedomsmekling, reknesaksføring, bygningsdrift og investeringar. I tillegg er banken deltakar i to felleskontrollerte verksemder jf. note 2.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin primære geografiske marknad er avgrensa til dalføra Hallingdal og Valdres, men innslaget av bankkundar busett i Oslo/Akershus er også betydeleg. Konsernet er totalleverandør av produkt og tenester innafor følgjande forretningsområde:

- Betalingsformidling
- Finansiering
- Forsikring
- Sparing og plassering
- Egedomsmekling
- Reknesaksføring

Konsernet har dei siste åra styrka verksemdsområda banktenester og reknesaksføring gjennom bankfusjonen med Øystre Slidre og kjøp av reknesaksselskapa Valdres Regnskap AS og HallingRegnskap AS. I 2014 vart desse fusjonert og bytta namn til SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS.

Innanfor banktenester har konsernet ein bra marknadsandel i marknadsområdet, og i kommunane Ål, Hemsedal og Øystre Slidre er den svært stor. Innafor egedomsmekling er selskapet størst i Hallingdal. Innafor reknesaksføring er konsernet leiande i Hallingdal og av dei største i Valdres.

Hovudtrekk i 2016

Økonomi – samanlikna mot fjoråret:

- Sal av Visa Europe gir eingangsintekter til alle norske bankar. Utgjer ca 5,5 mill. for banken i 2016.
- Godt utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS.
- Årsresultat er betre enn forventa.
- Ny årsrekord for meklarverksemda gir eit godt årsresultat i selskapet.
- Omstillinga i regnskapshuset tek lengre tid enn forventa. Negativt årsresultat også i 2016.
- Låge tapskostnader og nedgang i misleghald.
- Meir fokus på kapitaldekning i morbank i takt med auka kapitalkrav.

Nasjonale og globale marknads- og rammevervilkår:

- Framleis vekst i den amerikanske økonomien, gjennomført 2 rentehevingar i USA etter sju år med nullrente.
- Svak økonomisk vekst i euroområdet, men betre enn venta. Uvisse knytt til Storbritannia si framtidige handelsavtale med EU.
- Gryande EU-skepsis i Europa.
- Utviklinga i Kina kan gje ringverknader til verdsøkonomien.
- Svak vekst norsk fastlandsøkonomi. Oljeprisen nådde førebels botnen i januar 2016.
- Oljeprisfallet har svekka den norske krona, men gitt betre konkurransevilkår for norsk eksportindustri.
- Ulik prisutvikling i bustadmarknaden frå landsdel til landsdel. Myndighetene er uroa over for ein vidare sterk prisvekst og kreditvekst og har innført strengare krav til eigenkapital ved lån til bustader.

Utvikling i norsk og internasjonal økonomi 2016

2016 var eit år prega av store omveltingar på den politiske scena. Med blant anna «Brexit» går den globale økonomien ei meir usikker framtid i møte. For Noreg sin del vart utviklinga spesielt prega av den pågåande omstillingssprosessen som var ein sentral årsak til at veksten i 2016 vart den svakaste sidan finanskrisa.

Global utvikling

Føråret vart innleia med ein betydeleg marknadsturbulens og frykt for ei ny global krise. Uvisse om Kina sin økonomiske situasjon var ein av faktorane som førte til at oljeprisen fall ned til under 30 USD per fat i januar. Gjennom året steig oljeprisen til noko over 50 USD fatet, etter blant anna ei semje om produksjonskutt i OPEC-landa mot slutten av året. Børsane verda over enda, etter den svært svake starten, med ei god utvikling sett under eitt.

I eurosona enda veksten i 2016 på 1,7 prosent, noko som var ein lågare veksttakt enn året før. Utviklinga var betre enn venta og vart trekt opp av auka vekst i privat forbruk som følge av låg inflasjon og av det ein høyare vekst i hushalda si realinntekt. Framover er det utsikter til auka prisvekst som vil kunne dempe denne positive utviklinga. I tillegg er det ei betydeleg uvisse knytt til Storbritannia si framtidige handelsavtale med EU, og ikkje minst i samband med val i fleire europeiske land pga. auka popularitet til EU-skeptikarar. Den europeiske sentralbanken har halde fram med sin svært ekspansive pengepolitikk med negativ styringsrente kombinert med kjøp av store volum verdipapir («kvantitative lettelser»). Kjøpsprogrammet skal vere ut 2017, men kan bli forlenga dersom sentralbanken ser det som nødvendig.

Det økonomiske bildet i USA er vesentleg betre enn i eurosonen. 2016 var rett nok prega av eit svakt første halvår, men aktiviteten tok seg opp mot slutten av året. Arbeidsmarknaden har hatt ei positiv utvikling over ei lengre periode og inflasjonen har begynt å stige. Som ein konsekvens har sentralbanken FED auka styringsrenta to gonger, i desember 2015 og desember 2016. Det er venta at FED vil auke renta ytterlegare framover, men talet på hevingar vil truleg bli avgrensa av omsyn til verdien av USD som følge av den ekspansive pengepolitikken i eurosona, Storbritannia og Japan. Samtidig er det venta ein meir stimulerende finanspolitikk etter skiftet av president i USA. Potensielt høyare aktivitet og prisvekst vil tale for eit høyare amerikansk rentenivå.

Veksten i framveksande økonomiar enda i 2016 på 4,1 prosent, godt over veksten i industriland. Kina bidreg vesentleg til denne utviklinga og har førebels, som følge av blant anna ein meir ekspansiv pengepolitikk og god forbruksvekst, unngått ei hard landing. For å nå myndighetene sine vekstmål er kredit og investeringar sentrale bidragsfaktorar. På sikt kan dette gje ein auka risiko. Dette hindrar også omstillinga mot forbruk som en hovuddrivar for den økonomiske aktiviteten. Andre risikomoment i den kinesiske økonomien er tiltak for å avgrense spekulasjon i bustader og ein auka kapitalstraum ut av landet om dollarrentene aukar og valutakursen på yuan blir svakare.

Norsk økonomi

Veksten i norsk fastlandsøkonomi enda på 0,7 prosent i 2016, ein nedgang frå 1,1 prosent i 2015. Dette var det svakaste året sida finanskrisa og ber preg av at økonomien er i ein omstillingssprosess. Utsiktene framover blir vurdert som positive, men det eksisterer ein del uvisse om kor raskt aktiviteten vil ta seg opp.

Oljeprisen nådde botnen i januar 2016, men steig deretter gjennom året. Dette var godt nytt for ei petroleumsnæring som er i ein krevjande situasjon. Ein høyare oljepris har ført til ei sterke krone, noko som har redusert konkurranseevna til tradisjonell eksportnæringer i seinare tid. Krone er svakare enn i perioden før oljeprisen begynte å falle hausten 2014. Oljeinvesteringane vart ytterlegare redusert i 2016. Nivået fall, som året før, med om lag 15 prosent. I følgje Norges Bank vil investeringsnivået bli redusert med i overkant av 11 prosent i 2017, noko som vil ha ein negativ påverknad på veksten i norsk økonomi.

Med auka arbeidsløyse og låg aktivitet i økonomien var det venta at veksten i bustadprisane skulle få ein lågare vekst i 2016 enn i 2015. Men på grunn av blant anna lågare renter på bustadlån auka prisveksten og enda opp med ein vekst på 8,3 % på landsbasis. Utviklinga var prega av store regionale forskellar, ein svært kraftig vekst i Oslo og negativ vekst på Sør-Vestlandet. Det er denne landsdelen som er hardast ramma av verknadane av oljeprisfallet. Myndighetene har lenge vore bekymra for utviklinga i bustadprisane, spesielt fordi det er med på å auke hushalda sin gjeldsvekst. For å avgrense veksten skjerpa Finansdepartementet krava i bustadlånforskrifta frå og med 1. januar 2017. Endringane inkluderer ei maksimalramme på lån tilsvarende fem gonger brutto inntekt og meir restriktive reglar for Oslo. Endringa i forskrifta gjeld fram til 30. juni 2018.

Pengepolitikken vart helde svært ekspansiv gjennom 2016. Hovudstyret i Norges Bank gjennomførte eit rentekutt i mars, frå 0,75 prosent til 0,5 prosent. Sentralbanken har ikkje lagt opp til vidare reduksjon av styringsrenta i si prognose, men ein ser heller ikkje bort frå eit negativt rentenivå dersom norsk økonomi bli råka av stor negativ uro.

Utover det rekordlåge rentenivået er finanspolitikken med på å stimulere veksten. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet, som måler den underliggende pengebruken av oljeinntektene, auka til 206 milliardar kroner i 2016. For 2017 reknar ein med dette underskotet vil auke til 226 milliardar kroner. Sjølv med aukande underskot er ein fortsatt innanfor det handlingsregelen tillét.

SB1 Hallingdal Valdres si bankverksemد i 2016

Bankdrifta i 2016 avspeglar eit nokså normalt driftsår, men det normale er at det over tid skjer endringar i organisering, tilsette, produkt og system.

Omorganisering i banken

Det er i løpet av 2016 gjennomført ei omorganisering i banken. Tidlegare var banken organisert som ein matriseorganisasjon med ei kunderetta verksemد og ei fagretta verksemد. No er organiseringa endra til å vere ein rein linjeorganisasjon. Leiargruppa i banken er også vesentleg endra ved at eit leiarnivå er fjerna. Meir detaljar om ny organisering går fram av oversikten i kapittel 13 på s. 53.

Det er også inngått avtale om sluttspakke for tilsette som til saman utgjer 9,4 årsverk, noko som svarar til ein reduksjon i årsverk på 10,2 %.

Forsikringsområdet

Banken har hatt ein god vekst både på privatmarknaden og bedriftsmarknaden i 2016. For privatmarknaden er total forsikringsportefølje ved utgangen av året på 75 mill. fordelt på 52 mill. på skadeforsikring og 23 mill. på personforsikring. For bedriftsmarknaden er skadeforsikringsporteføljen på 21,6 mill. og pensjonsporteføljen på 18,2 mill.

Porteføljen på landbruk har også hatt ein fin vekst og passerte 11,4 mill. ved årsskiftet.

Kundane er svært nøgd med å kunne samle bank og forsikring på ein stad.

Sjølvbetente løysingar blir heile tida utvikla og kundane kan på eiga hand både beregne pris og gjera endringar i mobil- og nettøysingane. I tillegg har kundane god oversikt over alle forsikringar. Kundesenteret vårt hjelper også både privat- og bedriftskundar med spørsmål om forsikring og pensjon.

Betalingsformidling og digitale tenester

I 2016 vart all kontanthandtering flytta frå manuell kasse til automatmiljø på alle kontor.

Dette er eit naturleg følge av at færre og færre kundar brukar denne tenesta. Det er framleis mogeleg å både setje inn og ta ut kontantar i banken, men no handterer automatane dette.

Mobilbanken blir stadig viktigare for kundane våre og bruken har helde fram auken også i 2016. SpareBank 1 sin mobilbank har no tre gonger så mange innloggingar som nettbanken.

Dette viser at kundane i stadig større grad klarer å løyse sine behov knytt til bank gjennom mobilbanken og at mobilen gjer kvar dagen enklare for kundane våre.

Nye funksjonar og tenester blir stadig lansert i mobilbanken og i løpet av året er det til dømes blitt mogeleg å søkje om billån og opprette pensjonskonto med få tastetrykk. I tillegg har pålogging til mobilbanken blitt mykje enklare gjennom biometrisk autentisering, dvs. ved bruk av fingeravtrykk. Utviklinga innafor mobile løysingar som gjer det mogeleg å styre sin eigen økonomi vil framleis ha eit stort fokus dei komande åra, og utviklinga vil gå fort.


Mobilbetaling har også eit stort fokus. SpareBank 1 satsar hardt på mCASH og rettar seg særleg mot lag og organisasjoner. I Hallingdal og Valdres har no over 100 lag og organisasjoner registrert seg som brukarar av mCASH. Mange ser nytten av å la kundane bruke mobilen som betalingsmiddel. SpareBank 1 er ikkje einaste aktør på området. DNB satsar hardt med si teneste Vipps, og Danske Bank satsar saman med Nordea for å vinne den nordiske markeden. I tillegg forventar ein også at store aktørar som Google og Facebook vil prøve å ta sin del av denne marknaden. 13. februar vart det offentleggjort at fleire bankar i Noreg går saman om å satse på Vipps som løysing for mobilbetaling. Meir informasjon om dette på side 23.

Finansieringsområdet

I 2016 har det vore stor aktivitet på finansieringsområdet. Innafor privatmarknaden har utlånsveksten vore spesielt høg. Konkurranseen om privatkundane er stor, og den store utlånsveksten er eit klart signal på at banken har konkurreddedyktige vilkår og er eit føretrekt alternativ for mange kundar.

Situasjon rundt tap og avsetningar til tap er på eit historisk lågt nivå. Dette heng nok saman med at rentenivået har vore svært lågt, men har også samanheng med at det blir jobba mykje og systematisk med å kontrollere og redusere misleghald og tap.

Miljølån for kundar vart lansert 1. mai. Dette er eit lån med 0 % rente det første året og deretter svært gunstig rente. Låneproduktet er ein del av banken sitt miljøkonsept der ein ønsker å gje kundane høve til å investere i miljø, skape positive ringverknader for byggebransjen og gje bustader og fritidsbustader ein meirverdi.



Plasseringsområdet

Våre fond har hatt ei varierande utvikling gjennom 2016, Odin Europa har negativ avkastning på 0,50 %, mens alle andre fond me tilbyr har hatt positiv avkastning siste år. I løpet av 2016 er ca. 70 % av alle spareavtaler kjøpt sjølvbetent gjennom nettbank eller mobilbank. Dette er ein auke frå 45 % i 2015. Noko av årsaken er innføring av Pensjonskonto, som så langt har vore ein suksess.

I 2016 er det gjort ei endring i innskotspaletten. Konto med bonus er sanert som eit SpareBank 1-produkt grunna tekniske og administrative utfordringar. Banken legg vekt på å ha periodiske tilbod om fastrenteinnskot. I 2016 har det vore 4 slike tilbod.

Banken har gjennom året hatt fokus på sal av spareavtalar i privatmarknaden, og det er gjort mange nytteikningar i fond.

Felles fakturasentral for SamSpar

Banken vann på tampen av 2015 ein anbodsrunde om å etablere og drifta ein felles fakturasentral for bankane innafor Samarbeidende SpareBanker AS (SamSpar). Avtala er i første omgang på 3 år. Hovudoppgåva for sentralen er å ta i mot og handsame inngåande faktura på papir, e-post eller som E-faktura for dei deltagande bankane. Målet til sentralen er å auke andelen av E-faktura for å effektivisere tidsbruken på fakturahandsaminga mest mogeleg.

Sentralen vart etablert i mai-16 med i underkant av 3 årsverk og tek sikte på å handsame om lag 45.000 faktura i året. 10 av 11 bankar i SamSpar nyttar seg av sentralen sine tenester som også omfattar vedlikehald av bankane sitt avtalearkiv.

Resultatutvikling

Resultatet for 2016 i morbank

Resultatrekneskapen for morbanken i 2016 viser eit normalt driftsår, men er likevel ein del påverka av eingongshendingar som er kommentert nedanfor.

Årsoverskotet etter skatt for rekneskapsåret 2016 i morbanken vart 98,0 mill. kroner som er ein auke på 25,2 mill. kroner i høve til 2015. Dette gir ei eigenkapitalavkastning etter skatt på 8,9 % mot 7,0 % i 2015. Resultatet er ein del betre enn venta. Banken sine netto renteinntekter vart 157,0 mill. kroner som er ein reduksjon på 0,2 mill. kroner frå 2015. Målt i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) minkar rentenettoen frå 1,79 i 2015 til 1,76 % i 2016. Inntekter frå overført låneportefølje til SpareBank 1 Boligkreditt blir klassifisert som provisjonsinntekter, ikkje som renteinntekt. Innteninga frå denne porteføljen tilsvasar ei inntekt på 0,16 % av GFK. Slik sett blir samla inntekter knytt til utlån og innskot samt renteplasseringar 1,93 % av GFK mot 1,99 % i 2015.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 103,8 mill. kroner eller 1,16 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I denne summen inngår til saman 5,5 mill. i inntektsført utbytte frå salet av Visa Europe til Visa Inc. i USA. Alle norske bankar har inntektsført ein del av dette salet. Utbytte frå andre selskap i SpareBank 1-alliansen utgjer 22,3 mill. Tilsvarande tal i fjor var 9,4 mill. Den store auken kjem i hovudsak frå eit mykje større utbytte frå Samarbeidende Sparebanker i 2016 enn i 2015.

Dotterselskapa utgjer ei netto kostnad på 5,3 mill. kroner i 2016. Kostnaden kjem frå eit negativt resultat i to selskap samt goodwill-avskrivinger knytt til kjøp av dotterselskap. Banken sine dotterselskap blir innarbeidd i rekneskapen etter eigenkapitalmetoden. Etter denne metoden blir banken sin del av eigenkapitalen berekna og resultatet inntektsført i samsvar med denne andelen. Alle banken sine dotterselskap er 100 % eigd av banken. Meir omtale av dotterselskapa lenger bak i årsrapporten.

Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester var i 2016 på 65,8 mill. kroner som er ein auke på 0,9 mill. kroner. Provisjonsinntektene frå betalingsformidling, finansiering, forsikring og plasseringsområdet viser ein god vekst i året på til saman 4,9 mill. kroner. Provisjonane frå Boligkreditt er 3,8 mill. kroner mindre enn året før og gjer at samla provisjonsinntekter aukar med 0,9 mill.

Netto resultat frå finansielle eigedelar i banken ga eit positivt resultat i 2016 på 8,4 mill. kroner mot 2,6 mill. kroner i 2015. Kursutviklinga for banken si obligasjonsportefølje var negativ i 2015, men har vore positiv i 2016. Nedskrivinga av verdien i 2015 er i løpet av 2016 tilbakeført og inntektsført med 6,6 mill.


Samla kostnader aukar frå 121,9 mill. kroner i 2015 til 146,1 mill. kroner i 2016. Kostnadane i 2015 var i betydeleg grad påverka av ei omlegging i banken si pensjonsordning som medførte ei opplysing av balanseforte pensjonsforpliktingar. Dette utgjorde ein resultateffekt på 16,7 mill. i 2015-rekneskapen. Frå 1.1.16 er nesten alle av banken sine tilsette på ei felles innskotsbasert ordning. Unntaket er 2 individuelle avtaler som er vidareført. Korrigert for effekten av omlegginga er kostnadsveksten på 7,5 mill. eller 5,4 %.

Lønskostnader aukar med 19,9 mill., men som nemnd ovanfor kjem effekten av pensjonsomlegginga inn. Korrigert for

denne effekten, er veksten i lønskostnader på 3,2 mill. eller 4,4 %. Mesteparten av kostnadane til sluttapakkene i året er ført i rekneskapen for 2016. Det er venta ein reduksjon i lønskostnadane i 2017 som følgje av færre tilsette i organisasjonen.

Administrasjonskostnadane aukar med 1,0 mill. og er om lag som venta. Dette området inneholder mange ulike kostnader som går direkte inn i tenesteproduksjonen. Samarbeidende Sparebanker har bygd opp ein administrasjon i Oslo som skal utføre oppgåver for alle deltarbankane. Ein ser at felleskostnader aukar noko på grunn av dette, men skal føre til mindre kostnader på andre område. Elles er det brukt ein god del på IT-investeringar i 2016.

Avskrivinger og andre driftskostnader aukar med ca. 3,3 mill. Leige av lokale hjå datterselskap eller eksterne utgjer ein stor del av posten, men er på om lag same nivå som året før. Det er brukt ein del midlar i året på tilpassing av lokale til felles kundemottak for både bank, egedomsmeklar og regnskapshuset. Ein del av desse kostnadane er utgiftsført i rekneskapen og forklarar mykje av kostnadsveksten. Banken har også hatt ein del kostnader i samband med overtakne egedelar og konkursbu. Her er kostnadane ca. 1 mill. kroner over 2015.



Figuren viser kostnadsprosenten dei siste 5 åra. Kostnadsprosenten i 2012 var ekstra høg pga. fusjonen med Øystre Slidre Sparebank.

Banken sin kostnadsprosent har gått opp i 2016, frå 53,6 til 56,0. Målet i strategisk plan er å koma under 50 % i 2017.


Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet. Banken sin administrasjon går kvar månad gjennom privat- og bedriftsmarknaden med konkret vurdering av tapsutsette engasjement. Tapsføring og eventuell nedskriving blir vurdert og vedteke av styret i samband med kvartalsrekneskapen 4 gonger i året. Meir informasjon om desse vurderingane er omtala i nota om generelle rekneskapsprinsipp.

Banken hadde i 2016 eit netto tap på utlån og garantiar på 9,1 mill. kroner. Dette er litt opp frå året før. Konstaterte tap på lån og garantiar utgjer 8,3 mill. kroner, medan nedskrivingar på individuelle lån og garantiar er auka med 1,3 mill. Det er også inntektsført 0,5 mill. i inngått på tidlegare nedskrivne lån og garantiar. Meir om banken sin tapskostnad i note 3.

I løpet av året har Sparebanken Hedmark kjøpt banken sine aksjer i SpareBank 1 Oslo Akershus. Desse aksjane låg i selskapet SamSpar Bankinvest II AS som banken var deleigar i. Som oppgjer for salet har banken motteke aksjer i Sparebanken Hedmark samt kontantoppgjer. Bokført gevinst i samband med salet utgjer 13,4 mill. kroner og inngår i gevinst ved sal av anleggsmiddel.

Banken sin skattekostnad for 2016 er rekna til 19,7 mill. kroner. Morbanken har i rekneskapsåret 2016 gitt konsernbidrag som utnyttar framførbart underskot i datterselskap. Meir omtale av dette på neste side.

Årsresultatet i morbanken på 98,0 mill. kroner etter skatt er det beste årsresultatet i banken si historie og godt over styret sine forventningar til året.



Resultatet for 2016 i konsernet

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Datterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert.


Konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemndene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS blir inntektsført i konsernresultatet, og evt. utbetalt utbytte i året blir eliminert for ikkje å få dobbel verknad.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Banken sin andel av dette utgjer 24 mill. kroner, medan tidlegare omtala motteke utbytte på 13,2 mill. kroner blir eliminert slik at netto verknad i konsernrekneskapen er 10,8 mill. kroner i høve til morbankresultatet.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank hausten 2008 (no BN Bank). SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Banken sin resultatandel frå dette selskapet utgjer 4,2 mill. kroner. Motteke utbytte i året er på 4,1 mill. kroner. Resultatandelen aukar konsernresultatet med 0,1 mill. slik at det samla bidraget frå alliansen inn i konsernrekneskapen utgjer 10,9 mill. kroner ut over det som er inntektsført i morbanken sin rekneskap.

Gevinsten frå salet av aksjane i SpareBank 1 Oslo Akershus som er omtala ovanfor får ei litt annan handsaming i konsernrekneskapen enn i morbank. I staden for ein bokført gevinst på 13,4 mill. i morbank medfører salet eit bokført tap på 1,2 mill. i konsernrekneskapen. Årsak er at denne meirverdien vart inntektsført i 2013 då aksjane i selskapet SamSpar Bankinvest vart omklassifisert frå å vere i tilknytt selskap til å vanleg anleggsmiddel. Dermed vart meirverdien inntektsført allereie i 2013. Tap i samband med andre sal utgjer 1,2 mill. kroner slik at samla tap på sal av anleggsmiddel blir 2,4 mill. i konsernrekneskapen.

Resultat etter skatt (mill. kr), konsern



Driftsresultatet før skatt i konsernet vart 113,1 mill. kroner, mot 113,7 mill. kroner i 2015.

Resultat etter skatt enda på 94,5 mill. kroner mot 89,0 mill. i 2015. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 7,9 %.

Balanseutvikling

Konsernet hadde ved utgangen av 2016 ein forvaltningskapital på 9.169 mill. kroner, som er ein auke på 479 mill. kroner eller 5,5 % frå utgangen av 2015. Året er prega av både høg utlåns- og innskotsvekst så begge sidene i balansen har hatt ein relativt balansert vekst.


Brutto utlån auka 598 mill. kroner til 7.686 mill. kroner som medfører ein balansevekst på 8,4 % i 2016.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS for 2.093 mill. kroner. Tek ein omsyn til desse overføringane er reell utlånsvekst i konsernrekneskapen 9,1 %. Brutto utlånsengasjement som har vore misleghalde i meir enn 90 dagar utgjer 68,2 mill. kroner, mot 76,7 mill. i 2015. Misleghaldet utgjer med det 0,9 % av brutto utlån. Dei samla tapsnedskrivningane er auka frå 44,6 mill. i 2015 til 46,5 mill. kroner ved utgangen av 2016.

Styret vurderer nedskrivningane til å vere tilstrekkelege i høve til identifiserte tapshendingar som har funne stad fram til årets slutt.

Avsetningsgrad seier noko om i kor stor grad banken har gjort nedskrivningars for tap på lån som allereie er misleghalde eller som er tapsutsett. Ved utgangen av rapporteringsåret var avsetningsgraden for misleghalde engasjement 14,9 % mot 19 % i fjor.


Forvaltningskapital (mill. kr), konsern



Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærmere omtala i note 3a.

Ved årsskiftet hadde konsernet eit innskotsvolum frå kundar på 6.581 mill. kroner. Innskotsveksten siste år var på 603 mill. kroner eller 10,1 %. Dette gir konsernet ei innskotsdekning ved utgangen av 2016 på 86,8 %, opp frå 85,6 % i 2015. Overført volum til boligkreditt er auka med 205 mill. i året. Dette er med på å avlaste konsernet sitt finansieringsbehov.

Innskotsdekning (%), konsern




Tre datterselskap har i 2016 hatt eit skattemessig underskot og morbanken foreslår difor å gje eit konsernbidrag til desse selskapa. Konsernbidrag utjamnar skattebelastninga i konsernet ved at gjevar kan krevje skattemessig frådrag for bidraget, medan mottakar aukar sine skattepliktige inntekter. For morbanken vil netto konsernbidrag auke bokført verdi av aksjane i morbanken sin balanse. Slik sett blir konsernbidrag likestilt med vanleg kapitaltilførsel.

Konsernbidrag	Brutto	Skatt	Netto
SpareBank 1:			
- Hallingdal Invest AS	1.046.000	261.500	784.500
- Regnskapshuset ValHall AS	7.420.000	1.855.000	5.565.000
- ValHall Egedomsvikling AS	2.026.000	506.500	1.519.500
Sum	10.492.000	2.623.000	7.869.000

Etter forslag til utbytte utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 1.228 mill. kroner. Konsernet sin eigenkapitalandel er på 13,4 %.

Eigenkapital (mill. kr), konsern



Disponering av årsoverskot

Utbytte på eigenkapitalbevis kan delast ut av sparebanken sitt årsoverskot og må vere i samsvar med forsiktig og god forretningsskikk. Sparebankar kan difor ikkje garantere eit fast framtidig utbytte på eigenkapitalbevisa. Storleiken på utbyttet vil avhenge av sparebanken sitt driftsresultat og utbyttepolitikk. Styret foreslår at overskotet til disposisjon for SpareBank 1 Hallingdal Valdres på kr 98.031.143,- blir disponert slik:

Disponeringar

Utbytte på eigenkapitalbevis (kr 3,04 per bevis)	24.500.000
Overført frå gåvefond	-2.050.000
Overført til gåver	2.050.000
Overført til utjamningsfond	64.693.803
Overført til grunnfondskapital	8.837.340
Sum	98.031.143

Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate governance)

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal Valdres omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre kapitaleigarane, innskytarane, tilsette og andre grupper sine interesser. Dette er nedfelt i eit eige dokument om eigarstyring og selskapsleiing. Konsernet si verksemderstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje "Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance)" av 23. oktober 2012, med dei tilpassingar som følger av at selskapet er ein sparebank utan børsnotert eigarkapital, som blir omsett regelmessig.

Risikostyring

Kjerneverksemda til banknæringa er å oppnå verdiskaping gjennom å ta bevisst og akseptabel risiko. Konsernet arbeider med å vidareutvikle risikostyringssystem og prosessar i tråd med leiente praksis.

Risiko- og kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres støttar opp under konsernet si strategiske utvikling og måloppnåing, og sikrar samstundes finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2016 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde. Vidare har banken eigne controllerfunksjonar som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Avdeling risikostyring og compliance utfører ei rekke uavhengige kontrollhandlingar. Intern kontroll er eit prioritert område som er integrert i den daglege drifta. Leiarane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av medarbeidarane. Det overordna ansvaret for kontrollhandlingane ligg hjå avdeling risikostyring og compliance. Rapportering skjer kvartalsvis til styret. I tillegg er EY engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringsarbeid.

Dei mest vesentlege risikoane er omtala nedanfor.

Kreditrisiko

Kreditrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kreditrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kreditrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har standardiserte rutinar for kreditgjeving, ein etablert fullmaksstruktur og risikoklassifiserer alle lån.

Kreditkvaliteten i konsernet må karakteriserast som god. Utviklinga i misleghald har dei siste åra vore positiv og er på eit akseptabelt nivå. Brutto misleghald er ved utgangen av året på 0,9 %. Banken legg vekt på kvalitet i kreditsakene, spesielt innafor bedriftsmarknaden. Kreditrisiko blir tillagt stor vekt i prising av utlån og kredittar.

Utlånsveksten innfor bedriftsmarknaden har vore avtakande dei siste to åra, men har det siste halvåret flata ut.

Kreditporteføljen i personmarknaden har hatt ei positiv utvikling, og er ved slutten av året svært god. Dette avspeglar seg i nivået på forventa tap i porteføljen som blir berekna kvar månad. Lågt rentenivå og relativ låg arbeidsløyse har ført til stigande bustadprisar. Ved utgangen av året er det ein del usikkerheit og spenning til vidare utvikling i bustadprisane og nye reguleringar for bustadlån med verknad frå 1.1.2017. Banken har ein stor utlånsportefølje til private busett i Oslo/Akershus-området, og på denne delen av utlånsporteføljen vil eit prisfall på bustader (og dermed mindre verdi på pantesikkerheita) kunne auke kreditrisikoen banken er eksponert for. Prisane på bustader og fritidsbustader i banken sitt primære markadsområde svingar i mindre grad enn i byar og det sentrale austlandet.


Det er venta ein lokal kreditvekst i tida framover som er om lag på nivå med den generelle kreditveksten i Noreg. Dette gjeld både for bedriftsmarknaden og personmarknaden.

Styret vurderer samla kreditrisiko som tilfredsstillande.

Likviditetsrisiko


Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i egedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som årleg blir gjennomgått og vurdert av styret. Banken har ein fundingstrategi som skal gje ein låg likviditetsrisiko gjennom spreiing både i breidd og i lengde. Ei spreiing i breidd går ut på å ha eit balansert forhold mellom innskot frå kundar, langsiktige og kortsiktige innlån, spreiing til ulike marknader og låneinstrument. Spreiing i lengde betyr å ha ein forfallsstruktur med låneforfall til ulik tidspunkt noko som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg. Forfallstrukturen kan variere over tid og blir påverka av prisendringar på banken sine innlån (kredittpåslag/kreditpread).

Konsernet sine utlån blir i hovudsak finansiert med kundeinnskot, verdipapirgjeld og sal av bustadlånsporteføljer til SpareBank 1 Boligkredit AS. Sjølvfinansieringsgraden er stigande over tid i takt med at fleire lån blir overført til boligkreditselskapet. I 2016 har morbanken auka innskotsdekninga frå 84,6 til 85,8 %.



Kreditmarknaden for finansiering av banken si drift (fundingmarknaden) har vore i god betring i 2016. Etter ein kraftig auke i kredittpåslaget i siste halvdel av 2015, såg me ein nesten tilsvaranande reduksjon og utflating utover i 2016. Denne marknaden er sterkt påverka av situasjonen internasjonalt. Kredittpåslaget på innlån er gjennom året redusert med 0,55 prosentpoeng for både 3 og 5-årlån. I takt med auka overføringer til boligkredit er innlånsvolumet noko redusert i året og er på vel 1,2 mrd. kroner der mesteparten er obligasjonslån. Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 5 obligasjonslån og eit banklån. Ved utgangen av året var unytta oppgjerskredit på 40 mill. kroner.

Forfallsstruktur innlån (mill. kr), morbank



Overføring av godt sikra bustadlån til SpareBank 1 Boligkredit AS er med på å dempe finansieringsbehovet og dermed likviditetsrisikoen til banken. I løpet av året er overført volum auka frå 1.887 mill. til 2.093 mill. kroner og utgjer no 21,4 % av alle utlån. Banken har også til ei kvar tid ei viss mengde bustadlån som ligg klar til overføring i tilfelle eit raskt finansieringsbehov og til å dekke opp eit eventuelt prisfall på bustader.

I tillegg til interne retningslinjer for styring av likviditeten er området også regulert av regulatoriske krav. Sentralt i desse reglane står LCR-kravet (Liquidity Coverage Ratio). Dette er ei måling av banken si evne til å tolle ein likviditetsutgang 30 dagar fram i tid ved eit stress i penge- og kapitalmarknaden. Vidare blir det stilt krav til at bankane skal ha ei stabil og langsiktig finansiering (Net Stable Funding Ratio – NSFR). LCR-kravet vart innført frå 2015 og blir trappa opp dei neste åra. Frå og med 31.12.16 er kravet 80 % og med 112 % tilfredsstiller banken dette kravet. NSFR-kravet blir innfasa i løpet av nokre år. Desse EU-baserte reglane krev endring i samansettning av banken sine likvide eigedelar. For å tilfredstille krava vil banken måtte halde eit høgare nivå på ledig likviditet og denne må vere plassert på ein sikker måte til ei lågare avkastning. Banken har gjort ei viss tilpassing til nye reglar, men i takt med høgare krav vil ytterlegare tilpassing vere nødvendig dei neste åra.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskot og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrenteposisjonar ved hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på kor følsam balansen er for renteendringar. Banken har fastsett rammer for renterisiko på kort og lang sikt, dvs. over og under eit år.

Mesteparten av banken sine utlån og innskot har flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta og utgjer ingen renterisiko. Noko av balansen er knytt til fastrenteavtaler og utgjer ein renterisiko. Etterspørseren etter

fastrenteutlån har vore aukande i 2016 og utgjer no 487 mill. kroner. Av dette er 345 mill. kroner sikra med rentebytteavtalar (SWAP) der banken "sel" fastrenta vidare og "kjøper" flytande rente. Dersom etterspørseren etter fastrentelån held fram auken, vil det være naudsynt å rentesikre ein større del av porteføljen for ikkje å få for stor renterisiko.

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 597,3 mill. kroner i marknadsverdi som blir forvalta av ekstern forvaltar. Porteføljen innehold 7,9 % norske aksjefond, 7,9 % internasjonale aksjefond, 67,1 % norske og utanlandske obligasjonar og 17,1 % norske obligasjonsfond. Verdiutviklinga for norsk aksjefond og obligasjonsporteføljen har vore god det siste året, medan dei internasjonale aksjefondene har ei negativ avkastning. Samla avkastning på heile porteføljen i 2016 vart på 3,9 %. Ved utgangen av året er marknadsverdien på aksjeporføljen 26,6 mill. kroner over kostpris og bokført verdi, medan marknadsverdien på obligasjonsporteføljen er 2,1 mill. kroner over kostpris.

Å ha ein såpass stor verdipapirportefølje i balansen, medfører at banken har ein viss risiko for svingingar i aksje- og obligasjonsmarknaden.

Samla risikoeksponering på området er moderat.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Prosessene for styring av operasjonell risiko skal i størst mogeleg grad sikre at ingen enkelthendingar førårsaka av operasjonell risiko skal kunne skade konsernet si finansielle stilling i alvorleg grad.

Konsernet har stort fokus på kvalitet og kontinuerleg forbetring. Over tid er det bygd opp eit system for sikring av kvaliteten der fagsjefar har ansvar innafor kvart sitt fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerande banksjef. Controllerfunksjonen som er tidlegare nemnd, blir også nytta til å gjennomføre kvalitetskontrollar i dotterselskapene.

I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning, sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar og autorisasjon som finansiell rådgjevar (AFR).

Eigarrisiko

Eigarrisiko er risikoen for at SpareBank 1 Hallingdal Valdres blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap og/eller må tilføre ny eigenkapital til desse selskapene. Konsernet har i hovudsak eigarrisiko gjennom dei indirekte eigardelane i SpareBank 1 Gruppen AS, BN Bank ASA, og dei direkte eigardelane i SpareBank 1 Boligkredit AS og SpareBank 1 Næringskredit AS samt andre SpareBank 1-selskap. Alle desse eigardelane er små og under 2 % i alle selskap. Sjå elles note 2 for oversikt over banken sine anleggsaksjar.

Kapitalstyring

Kapitalstyring skal sikre at konsernet har ein ønska storleik på eigenkapitalen vurdert i høve til selskapets storleik, risiko og kapitalkrav. Den skal vidare sikre ein optimal og effektiv bruk av eigenkapitalen, sett i høve til konsernet sine verksemder, risikoprofil og ønska storleik på eigenkapital / ansvarlig kapital. Styret har vedteke ei målsetting for konsernet om minimum 18 % kjernekapitaldekning i komande strategiperiode.

Kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal sikre ein effektiv bruk av kapitalen sett i forhold til:

- å sikre kreditor for tap (kreditorvern)
- at fastsett minstekrav til kapitaldekning basert på risikoprofil og risikotoleranse blir oppfylt og at det er ein tilstrekkeleg eigenkapitalbuffer sett i forhold til konjunkturforhold og risiko elles blir oppretthalde. ("going concern"-perspektiv)
- konkurransedyktige vilkår i innlånsmarknaden (rating perspektiv)
- å tilfredsstille selskapet sitt krav til eigenkapital-avkastning (konkurransedyktig eigenkapitalavkastning)
- at verksemndene kan utnytte vekstmogelegeheter i marknaden (organisk eller via oppkjøp)

Kapitalkravet er eit tredelt system med såkalla pilarar. Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og representerer det regulatoriske minstekravet til kapital. Pilar 2 går på at konsernet skal gjennomføre ei årleg vurdering av kapitalbehovet ut frå den samla risikoene som konsernet er eksponert for (ICAAP-prosess). Pilar 3 stiller krav til offentleggjering av finansiell informasjon (Pilar 3-rapporten).

I den årlege ICAAP-prosessen ser ein framover og gjer ulike framskrivingar av kapitalbehovet. Framskrivingane tek omsyn til både forventa utvikling dei neste åra, samt ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag over fleire år (nedgangsscenario). I dette arbeidet blir stresstestar brukt for å analysere ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg utarbeidd beredskapsplanar på likviditets- og kapitaldekningsområdet for i størst mogeleg grad å kunne handtere slike kriser om dei skulle oppstå.

Ved utgangen av 2016 hadde konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres ein netto ansvarleg kapital på 1.085 mill. kroner. Banken brukar standardmetoden til å rekne ut kapitaldekninga. Dette gir ei kapitaldekning på 18,49 %. På morbanknivå er kapitaldekninga 17,42 %. Banken har ikkje tilleggskapital slik at banken si kapitaldekning er lik kjernekapitaldekninga.

Kapitaldekninga ved utgangen av året er over konsernet si målsetting. Kapitaldekninga for morbanken har mindre buffer mot lovkravet etter som den ligg over eit prosentpoeng under nivået for konsernet. Det er viktig å følgje kapitalutviklinga tett for å halde seg innanfor eigne måltal. I dette arbeidet har banken utvikla ein kapitalplanrapport som blir ajourført kvartalsvis. Rapporten skal vere eit verktøy for å kunne setje i verk tiltak i god tid. Gode resultat vil uansett vere viktig for å bygge opp tilstrekkeleg kapital til å kunne finansiere lokal vekst.

Meir informasjon om konsernet og banken si kapitaldekning er vist i note 15.

Samfunnsansvar

Det er mange tilhøve som kjem inn under dette området. Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres med sine ulike verksemder er ein viktig aktør i lokalsamfunnet der verksemndene ligg. Banken er i stor grad med og finansierer lokal utvikling i form av lån til bustader og næringsverksemder. Banken si evne og vilje til å ta del i nye prosjekt er ein sentral pilar i utviklinga av lokalsamfunnet. Konsernet med alle verksemder er til saman ein betydeleg arbeidsplass for innbyggjarane. Konsernet er også ein stor skatteyar som tilfører mykje til samfunnet i form av skatteinntekter frå tilsette og selskapet. Egedomsmeclarverksemda er ein viktig lokal aktør for omsetnaden av bustader og fritidsbustader i fjellet. Reknesaksverksemda utfører viktige tenester for lokalt næringsliv.

Banken tek også på seg eit viktig samfunnsansvar i høve til å inngå sponsoravtaler med lokale lag og foreiningar og på denne måten gir eit viktig bidrag til lokalt kultur- og idrettsarbeid. Banken har tidlegare stått for gáveutdeling til ulike føremål, men etter at eigenkapitalen i banken vart gjort om til eigenkapitalbevis i 2012, er det no eigarane, Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre som står for dette arbeidet. Stiftelsane får utbytte frå banken som dei kan nyte vidare til gáveutdelingar. Meir informasjon om banken og sparebankstiftelsane sitt samfunnsengasjement er samla i Driv-bloggen (www.driv.ssb1.no).

Banken har tatt initiativet til næringsstiftelsen "Kimen til vekst" som kan gje lån til og investere i selskap i Hallingdal og Valdres.

Menneskerettar

I samsvar med krav i likestillingslova og reknesakslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det vil vere lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Konsernet har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Konsernet oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegeheter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i konsernet sitt likestillingsarbeid.

Konsernet har i 2016 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova sin formålsparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følgje av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga i konsernet er særleg merksam på dette i samband med rekruttering. I eksisterande tilsettingsforhold er merksemda retta mot løns- og arbeidsvilkår, samt høve til forfremming og personleg utvikling for medarbeidarane.

Arbeidstakarrettar og sosiale tilhøve

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal vere ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar. Konsernet legg til rette for at balansen mellom arbeid, heim og fritid blir opplevd som god for alle medarbeidarar. Konsernet ønskjer å hjelpe sine tilsette til å oppretthalde ei god helse gjennom å stimulere til fysisk aktivitet.

Sjukefråveret i banken har normalt sett vore stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen. For 2016 har det samla legemeldte sjukefråværet vore på 2,9 % av total arbeidstid (mot 3,6 % i 2015). Av dette var 2,6 % legemeldt langtidssjukdom (mot 3,4 % i 2015).

Legemeldt sjukefråvære	2016	2015
Morbak	2,9 %	3,6 %
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	3,9 %	4,2 %
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	0,7 %	0,6 %

Konsernet har ikkje vore utsett for alvorlege ulykker eller ran i 2016.

Banken har eit omfattande og robust rammeverk på organisasjonsområdet som skal sørge for at arbeidstakarane sine rettar blir oppfylt:

- personalhandbok, HMS-handbok, sikkerheitshandbok, IA-avtale
- interne avtalefesta utval – tilsettingsutval og forhandlingsutval
- arbeidsmiljøutval
- møte mellom leiing og tillitsvalde
- verneombod og bedriftshelseneste
- etiske retningsliner, rutine for bekymringsmeldingar, rutine for konflikthandtering
- opplæringsprogram for leiarar og rådgjevarar.
- jamnlege medarbeidarundersøkingar
- jamnlege oppfølgingssamtalar med leiar
- samlingar for nyttilsette
- seniorpolitikk

I tillegg gjer banken mange tiltak for at både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet skal vere bra.

Banken sitt HMS-system er vedlikehalde i 2016.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som godt. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige Arbeidsmiljøutval (AMU) for heile konsernet. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Konsernet er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv), og har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseneste (HAVA BHT). Bedriftshelsenesta har hjelpt konsernet med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderingar og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvær m.m.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige sikkerheitsutval, for å sikre nødvendig fokus og koordinering av sikkerheitsarbeidet i banken.

Over mange år har banken vore sterkt delaktig i å få på plass og vidareutvikle utdanningsprogrammet for

rådgjevarane innanfor alliansen. Banken er medlem av Finansnæringens Autorisasjonsordninger. Implementeringa av autorisasjonsordninga for finansiell rådgjeving, samt godkjenningsordninga skadeforsikring, har gitt banken eit kompetanseløft med større kunnskapsmessig profesjonalitet og dyktigheit i rådgjevinga overfor kundane. Banken har evna å implementere alle desse kompetanseløfta på ein god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra for nye rådgjevarar, samt for dei erfarte rådgjevarane i form av årlege krav om kompetanseoppdatering.

I løpet av 2016 har fleire tilsette delteke på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet.

Det ytre miljø

Konsernet har etablert ein miljøstrategi i strategisk plan for 2015-2017:

- Klimautfordringa set fokus på kva enkeltpersonar og bedrifter kan gjøre for å bidra med løysingar knytt til dette – i første rekke ved å halde miljømessig orden i eige hus.
- Konsernet skal møte klimautfordringa gjennom effektiv ressursbruk og bruke gode miljømessige løysingar i kvardagen. Dette blir synleggjort i eit eige miljøregnskap.
- Elles skal konsernet sin miljøambisjon vere på eit nivå tilsvarende det som blir stilt til bransjen.

Konsernet er lokalisert i eit distrikt med relativt store reiseavstandar. I tillegg har banken ei desentralisert organisering som gjer at det naturleg genererer ein del reiseverksemad mellom avdelingskontora. Ut frå dette har banken gjort ein del tiltak som skal gje positive effektar for miljøet i den daglege drifta. Eit mål er å redusere reiseverksemada. Difor har alle bankar i Sparebank 1-alliansen installert videokonferanseutstyr som også effektiviserer tidsbruken gjennom mindre reisetid. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg installert videokonferanseutstyr på alle bankkontor. Dette blir nytta til både interne og eksterne møte for å redusere reiseverksemada ytterlegare. I løpet av året er Skype tatt i bruk til internkommunikasjon.

Konsernet skal heile tida ha fokus på å minimere den negative miljøpåverknaden gjennom reduksjon av energiforbruk og papir, betre avfallssortering, auka resirkulering og gjenbruk av elektronisk avfall.

For å få betre oversikt over kva påverknad konsernet har på det ytre miljø utarbeider konsernet årleg ein miljørapport for å kunne identifisere utslepp, talfeste forureininga og gjøre konsernet i stand til å setje i verk målretta tiltak.

Føremålet er å gje eit grunnlag for å vurdere konsernet i ein miljømessig samanheng, og for å jobbe systematisk med å minske påverknaden på det ytre miljøet.

Analysen er basert på den internasjonale standarden "A Corporate Accounting and Reporting Standard", som er utvikla av "the Greenhouse Gas Protocol Initiative" – GHG protokollen. ISO standard 14064-1 er basert på denne.

Rapporteringa dekkjer forbruk knytt til transport, energi, avfall og flyreiser. Det er eit viktig prinsipp at me skal søke å redusere vår påverknad på miljøet, og gjøre målretta tiltak overfor det forbruket med størst miljøbelastning.

For 2016 har konsernet sine viktigaste tiltak vore:

- Fortsatt reduksjon i reiseaktiviteten gjennom meir bruk av videokonferancesystem og bruk av applikasjonen Skype til nettmøte.
- Lansert miljølån til 0 % rente til energisparande tiltak i samband med nybygg, oppussing eller bytte av energikjelder.

- Gunstig tilbod på finansiering av elbil til kundar
- Lansert rimeleg finansiering av elbil for tilsette.
- Elbil bestilt til to kontor. Levering til våren.
- El-syklar til bruk i nær-reiser er bestilt til fleire kontor.
- El-bil lader montert ved fleire kontor. To hurtigladarar (Fagernes og Gol).

Energi- og klimaregnskap 2016:

Klimaregnskapet er inndelt i tre nivå (scope) som består av direkte og indirekte utsleppskjelder:

Scope 1: Obligatorisk rapportering inkluderer alle utsleppskjelder knytt til driftsmidlar der organisasjonen har operasjonell kontroll. Dette inkluderer all bruk av fossilt brensel for stasjonær bruk eller transportbehov (sjøveigde, leigde eller leasa køyretøy, oljekjelar osv.). Vidare blir eventuelle direkte prosessutslepp (av dei seks klimagassene) inkludert.

Scope 2: Obligatorisk rapportering av indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi; elektrisitet eller fjernvarme/-kjøling. Dette gjeld t.d. for leigde bygg. Utslepps faktorane som blir nytta for elektrisitet er basert på nasjonale produksjonsmiksar, historisk treårs rullerande gjennomsnitt (IEA Stat). Den nordiske miksfaktoren dekkjer produksjonen i Sverige, Finland, Norge og Danmark og reflekterer det felles nordiske marknadsområdet (Nord Pool Spot). I høve til utslepps faktorar på fjernvarme blir enten faktisk produksjonsmiks basert på innhenta informasjon frå den enkelte produsent, eller gjennomsnittsmiks basert på IEA statistikk nytta.

Scope 3: Frivillig rapportering av indirekte utslipp knytt til innkjøpte varer eller tenester. Dette er utslepp som indirekte kan knytast til organisasjonen sine aktivitetar, men som går føre seg utanfor selskapet sin kontroll. (derav indirekte). Typisk scope 3-rapportering vil inkludere flyreiser, logistikk/transport av varer, avfall, forbruk av ulike råstoff osv.

Kategori	Forklaring	Forbruk	Enhet	Energi (MWh)	Utslipp (tCO ₂ e)	Utslipp (fordeling)
<i>Transport</i>				48.5	12.2	6.5%
Diesel (B5)		4 491.0	liter	45.4	11.4	6.1%
Bensin		321.0	liter	3.1	0.7	0.4%
Scope 1 total				48.5	12.2	6.5%
<i>Elektrisitet*</i>				1 922.7	107.7	57.8%
Elektrisitet Nordisk miks		1 922 662.0	kWh	1 922.7	107.7	57.8%
<i>Fjernvarme/kjøling Nordiske lok.</i>				105.6	3.0	1.6%
Fjernvarme Norsk miks		105 581.0	kWh	105.6	3.0	1.6%
Scope 2 total				2 028.2	110.6	59.4%
<i>Flyreiser</i>				-	2.1	1.1%
Fly kontinentalt		4.0	Ant.reiser	-	0.4	0.2%
Fly nordisk		25.0	Ant.reiser	-	1.7	0.9%
<i>Forretningsreiser</i>				-	54.3	29.2%
Km-godtgj.bil(NO)		366 223.0	km	-	54.2	29.1%
Km-godtgj.el-bil(NO)		10 184.0	km	-	0.1	0.1%
<i>Avfall</i>				-	7.1	3.8%
Restavfall, forbrenning		3.5	m ³	-	0.4	0.2%
Restavfall, forbrenning		13 174.0	kg	-	6.6	3.6%
Papir,gjenvinning	papir	2 138.0	kg	-	0.1	-
Papir,gjenvinning	papp	860.0	kg	-	-	-
Scope 3 total				-	63.5	34.1%
Total				2 076.7	186.3	100.0%
*Alternativ beregning utslipp fra el (Markedbasert metode)					555.6	

Årsrapport – Klimagassutslepp (tCO2e)


Kategori	Forklaring	2014	2015	2016	% endring fra forrige år
<i>Transport</i>					-
Diesel (B5)		15.3	10.2	11.4	12.0%
Bensin		-		0.7	100.0%
<i>Scope 1 Utslipp</i>		15.4	10.2	12.2	19.2%
<i>Fjernvarme/kjøling Nordiske lok.</i>					-
Fjernvarme Norsk miks				3.0	100.0%
<i>Elektrisitet*</i>					-
Elektrisitet Nordisk miks		155.5	111.8	107.7	-3.7%
<i>Scope 2 Utslipp</i>		155.5	111.8	110.6	-1.0%
<i>Flyreiser</i>					-
Fly kontinentalt		0.2	0.8	0.4	-50.3%
Fly nordisk		3.2	2.4	1.7	-29.1%
<i>Forretningsreiser</i>					-
Km-godtgj.bil(NO)		54.7	59.8	54.2	-9.3%
Km-godtgj.el-bil(NO)			0.1	0.1	100.0%
<i>Avfall</i>					-
Papir,gjenvinning	papir			0.1	100.0%
Papir,gjenvinning	papp			-	-
Restavfall,forbrenning		15.9	7.3	7.0	-4.2%
<i>Scope 3 Utslipp</i>		74.0	70.3	63.5	-9.7%
Total		244.8	192.2	186.3	-3.1%
<i>Prosentvis endring</i>			-21.5%	-3.1%	
*Alternativ beregning utslepp fra el (Markedbasert metode)			511.6	555.6	
<i>Prosentvis endring</i>		-		8.6%	

SpareBank 1 Hallingdal Valdres hadde i 2016 totale klimautslepp på 186,3 tonn CO2-ekvivalentar (CO2e). Dette er ein nedgang på 6 tCO2e frå 2015, eller 3,1%. Konsernet si største kjelde til klimagassutslepp er elektrisitet som utgjer 59 % av totalt utslepp. Deretter kjem bilkøyring med vel 36 % målt i km-godtgjersle og drivstoff til firmabilar. Elektrisitetsforbruket har auka det siste året, men her blir utsleppsfaktoren rekna ut etter Nordisk Elektrisitetsmix for 2016 som baserer seg på produksjonsstatistikk. Denne utsleppsfaktoren går i 2016 ytterlegare ned pga. innfasing av ny-fornybar energi (vindkraft), auka nedbør og høgare temperaturar og reduksjon i produksjon av dansk kol Kraft. I sum fører dette til eit mindre samla utslepp frå innkjøpt energi.

Samla utslepp frå reiseverksemda har gått litt ned i året og det er gledeleg. Her vil innkjøp av EL-bilar i 2017 vere eit tiltak for ytterlegare reduksjonar.

Nøkkeltal – Energi og klimaindikatorar:

Navn	Enhet	2014	2015	2016	% endring fra forrige år
Sum kWh/m2		315.1	322.0	288.5	-10.4%
Totalt energiforbruk Scope 1+2 (MWh)		1 768.8	1 785.9	2 076.7	16.3%
Totale utslepp(S1+S2+S3) (tCO2e)		244.8	192.2	186.3	-3.1%
Totale tCO2e/årsverk		1.6	1.2	1.2	2.9%
Total tCO2e/omsetning		0.8	0.6	0.6	-3.3%
Årsverk		154.8	162.7	153.2	-5.8%



Konsernet har i 2016 ein auke i totalt energiforbruk med 16,3 %, men totale utslepp går ned som følgje av reinare energi inngår i forbruket. Reknar ein utslepp per årsverk aukar det med 2,9 %, medan utslepp i høve til omsetning går ned med 3,3 %.

Me kjenner ikkje til at konsernet har hatt nokon miljøpåverknad ut over forbruket som kan omreknast til CO2, og har difor ingen rapportering på utslepp til jord, vatn, eller støy.

Meir informasjon om energi og klimarekneskapen er tilgjengeleg i eigen rapport.

Arbeid mot korruption

I eit konsern der alle verksemder driv etter konsesjon frå Finanstilsynet er det naturleg at arbeid mot korruption blir flagga høgt. Dette blir i hovudsak gjort i form av etiske retningslinjer for selskapa. I tillegg møter ein lovkrav som representerer tiltak mot korruption. T.d. må styremedlemene, dagleg leiar og fagansvarleg i selskap som skal drive eigedomsmekling, leggje fram politiattest for å kunne ha stillinga/vervet. Innafor rekneskapsverksemda må alle som vil oppnå autorisasjon leggje fram politiattest, og i banken må alle tilsette kunne framvise politiattest før ein går inn i ei stilling. Med andre ord er det gode sikkerheitsventilar her.

Alle selskap i konsernet med fast tilsette har utarbeidd etiske retningslinjer som skal følgjast. I bl.a. konsernet sine etiske retningslinjer er det eit eige punkt som går på økonomiske fordeler og gåver mm. Dette punktet seier at ingen tilsette eller tillitsvalde kan ta i mot økonomiske fordeler eller gåver frå kundar eller frå andre av konsernet sine forretningsforbindelsar. Unntaket er vanlege merksemdgåver i samband med jul eller andre spesielle høve. Ved forhandlingar skal den tilsette/tillitsvalde vise særleg aktsemd i høve til dette. Retningslinene regulerer også korleis ein tilsett eller tillitsvald går fram om han eller ho mottek ei slik gave av ikkje ubetydeleg verdi.

Dei etiske retningslinene er slått opp på alle matrom i banken. I tillegg blir dei tatt opp på allmøter i regi av banken sitt sikkerheitsutval.

Ut frå dei retningslinene, lovreglar og fokuset arbeid mot korruption har, er det grunn til å tru at konsernet driv eit viktig arbeid mot korruption. Fokuset vil vere der framover også, slik at dette arbeidet vil halde fram.

Nokre fakta

Ved utgangen av året hadde konsernet 165 heil- og deltids-tilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 151 (mot 161 i 2015).

Tilsette i konsernet per 31.12.16 fordele seg med 69 % kvinner og 31 % menn. I morbanken var fordelinga 63 % kvinner og 37 % menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 27 % og i morbanken 11 %. I styret er samansetninga 4 menn og 4 kvinner.

Kjønnsfordeling	Morbank	Konsern
Kvinner	63 %	69 %
Menn	37 %	31 %
Tilsette	91	165
Årsverk	86	151

Gjennomsnittsalderen for tilsette i datterselskapa er 46 år i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS, 38 år i EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og i morbanken 47 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 45 år, og 49 år for menn. På leiarnivå er gjennomsnittsalderen 59 år for kvinnene og 54 år for menn.

Gjennomsnitt-alderen i 2016	Morbank	SB1 Regnskapsh. ValHall AS	EM1 Fjell-megleren
Alle tilsette	47 år	46 år	38 år
Kvinner	45 år	45 år	38 år
Menn	49 år	48 år	38 år
Kvinnelege leiatar	59 år	45 år	-
Mannlege leiatar	54 år	45 år	42 år

I løpet av 2016 har banken fått 6 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat.

Turnover i morbanken har til forskjell frå tidlegare år vore høg i 2016. Totalt 14 personar i fast stilling har slutta. Av desse har 5 personar slutta som følgje av naturleg avgang. Reell turnover er dermed på 9 personar, som tilsvrar 9,7 % mot 3,1 % året før. I 2016 var gjennomsnittsansienniteten i morbanken på 14 år.

Banken sine datterselskap

Alle datterselskap er heileigde av morselskapet.

Driftsinntekter	2016	2015	Endring
EiendomsMegler 1			
FjellMegleren AS	36.566	33.798	2.217
HallingRegnskap AS	0	0	0
SpareBank 1			
Hallingdal Egedom AS	6.755	6.925	-170
SpareBank 1			
Hallingdal Invest AS	1	200	-199
SpareBank 1			
Regnskapshuset ValHall AS	35.314	36.357	-1.043
SpareBank 1 ValHall			
Egedomsutvikling AS	5.386	4.525	861
Valdres Regnskap AS	0	0	0
Sum	84.022	81.805	2.217

Dei samla inntektene går litt opp i 2016. I hovudsak ligg inntektsveksten i EiendomsMegler 1 FjellMegleren AS som kan vise til ein inntektsvekst på 8,2 %.

Resultat før skatt	2016	2015	Endring
EiendomsMegler 1			
FjellMegleren AS	4.761	4.043	718
HallingRegnskap AS	-5	-4	-1
SpareBank 1			
Hallingdal Egedom AS	1.189	432	757
SpareBank 1			
Hallingdal Invest AS	-2.243	-103	-2.140
SpareBank 1 Regnskapshuset			
ValHall AS	-7.478	-10.123	2.645
SpareBank 1 ValHall			
Egedomsutvikling AS	-546	-986	440
Valdres Regnskap AS	-5	-4	-1
Sum	-4.327	-6.745	2.418

Driftsresultatet før skatt i selskapa er betra med 2,4 mill. kroner. Alle selskap bortsett frå SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har resultatframgang. Morbanken har gitt konsernbidrag til tre av datterselskapa med negativt skattemessig resultat jf. oversikt på side 13.

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS

Selskapet vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85 % av aksjane i selskapet. Dei resterande 15 % vart kjøpt i 2011. I 2011 vart EiendomsMegleren Ringerike Hadeland sine avdelingar på Gol og i Hemsedal fusjonert ut og fusjonert inn i selskapet. Banken kjøpte same året selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS i Hemsedal. Denne verksemda er også fusjonert inn i selskapet. Etter denne fusjonen vart selskapsnamnet endra til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Selskapet driv egedomsmekling i Hallingdal frå kontor på Geilo, Ål, Gol og Hemsedal. I Valdres har selskapet kontor på Fagernes, Heggenes og Beitostølen. Selskapet dekkjer stort sett det same geografiske området som banken. Selskapet har 19 tilsette. Aktiviteten i marknaden har vore svært god også i 2016. Selskapet selde 638 egedomar mot 603 i 2015, og leverer sitt beste resultat nokon gong. Resultatet etter skatt for 2016 viser eit overskot på kr 3.546.000. I 2015 var overskotet på kr 2.918.000.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS

Selskapet driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i mai 2005. Verksemda er avgrensa til å leige ut lokale og driftslausøyre til banken på Gol og i Hemsedal. I samband med samlokalisering av konsernet sine verksemder, leiger selskapet ut lokale til datterselskapa EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS på Gol og i Hemsedal. Selskapet leiger også ut lokale til enkelte andre eksterne leietakrar i Hemsedal. Selskapet har ingen fast tilsette, men leiger inn frå andre selskap ved behov. Resultatet etter skatt i 2016 vart eit overskot på kr 940.000. I 2015 var overskotet på kr 444.000.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

Selskapet har som føremål å investere i verksemder. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006. I 2009 kjøpte selskapet eit tomtområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. Utbygging av feltet starta i 2012 og til noer 4 tomannsbustader med til saman 8 leilegheiter ferdigstilt og seld. Fire einebustader i rekke er under oppføring, ein av desse er ferdigstilt og blir brukt til visningar. Det er seld tomt til eit bustadhus. Per i dag er feltet detaljregulert for 20 nye einingar. Heile feltet omfattar ytterlegare 100 einingar. Selskapet har nyleg kjøpt ein eigedom på Kikut på Geilo for utvikling og sal. Selskapet har ingen tilsette. Resultatet etter skatt i 2016 vart eit underskot på kr 1.693.000 mot eit overskot på kr 34.000 i 2015.

SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS

Selskapet vart stifta i 1998. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte alle aksjane i selskapet i mai 2012. Same året vart banken sitt datterselskap Hemsedal Regnskap AS fusjonert inn i selskapet. I 2014 fusjonerte selskapet med SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. Ved utgangen av året har selskapet 57 tilsette ved avdelingane på Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen. Resultatet i 2016 ber fortsatt preg av ei satsing på moderne og framtidssikre løysingar, og viser eit underskot etter skatt på kr 5.623.000. I 2015 var underskot på kr 7.560.000. Det er gjort organisatoriske grep i 2016 som skal gje betre resultat framover. Morbanken som eigar har skote inn 5 mill. i aksjekapital i selskapet i 2016.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS

Selskapet vart stifta i 2009 og var tidlegare eit datterselskap under SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. I 2013 overtok morbanken alle aksjane i selskapet. Selskapet eig forretningsbygg på Heggenes og Beitostølen der alle område i konsernet driv verksemrd, samt "veksthuset" i Hemsedal (del av tidlegare COOP-bygget). Veksthuset er utleigd på langsiktig kontrakt til turistrelatert verksemrd. Lokala på Beitostølen og Heggenes blir leiga ut til konsernet sine verksemder. Delar av lokala på Heggenes er bygd om til leilegheiter i 2016. Selskapet leiger i tillegg lokale på Fagernes, Gol og Flå som også blir utleigd til verksemndene i konsernet. Selskapet har 2 tilsette i deltidstillinger. Resultat etter skatt i 2016 vart eit underskot på kr 386.000. I 2015 var underskotet 720.000. Morbanken som eigar har skote inn 1,9 mill. i aksjekapital i selskapet i 2016.

HallingRegnskap AS og Valdres Regnskap AS

Desse selskapa vart stifta i juni 2013 samstundes med at dei tidlegare selskapa med desse namna endra namn til høvesvis SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS og SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. Dette er "sovande" selskap som er stifta for å beskytte selskapsnamna.

Fortsatt drift

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

Hendingar etter balansedagen

13. februar 2017 vart det offentleggjort at DNB, bankane i SpareBank 1-alliansen, bankane i Eika-alliansen, Sparebanken Møre og 15 sjølvstendige sparebankar har inngått ei intensjonsavtale som medfører at partane saman skal vidareutvikle Vipps som heile Noreg si mobile lommebok. Initiativtakarane representerer til saman 106 norske bankar. Vipps har hittil vore ein del av DNB-konsernet, men blir no lagt inn i eit frittståande selskap der DNB blir største eigar med omrent 52 prosent av aksjane. SpareBank 1-alliansen skal eige 25 prosent, dei sjølvstendige sparebankane 12 prosent, Eika Alliansen 10 prosent og Sparebanken Møre 1 prosent. Dette fører til at merkevara mCASH blir tatt ut av marknaden i løpet av 2017. Samarbeidet føreset godkjenning frå Konkurransetilsynet og Finanstilsynet.

Framtidsutsikter

Den politiske trenden med auka vekt på nasjonal proteksjonisme uttrykt ved presidentvalet i USA og Brexit, har skapt større usikkerheit knytt til økonomiske prognosar

internasjonalt og nasjonalt. Noreg har ein open økonomi med stor påverknad frå den økonomiske utviklinga internasjonalt. Konsekvensane av fjarårets val vil påverke vår økonomiske vekst, men det er umogeleg å spå retninga.

Det offentlige vil gjennom sitt relativt høge investeringsbudsjett og ekspansive statsbudsjett gje god drahjelp til den økonomiske veksten – også i år 2017. Låg rente og låg arbeidsløyse vil stimulere til vidare vekst. Kronekursen vil mest sannsynleg vere på eit nivå som fører til vekst i turismen i Noreg – og i marknadsområdet til SpareBank 1 Hallingdal Valdres.

Den politiske vilja til å regulere utlånsverksemda til bustader og sannsynlegvis også forbrukslån, vil på sikt medføre redusert utlånsvekst. Effekten er vanskeleg å sjå føre seg då reguleringane er justert relativt ofte. Manglande evaluering av tidlegare tiltak aukar risikoien for ei større oppbremsing enn ønska. Ei raskare oppbremsing enn prognosane som ligg til grunn i dag (SSB), vil gje utslag i høgare misleghald og tap.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres forventar ein lågare utlånsvekst i 2017, men med god aktivitet i alle forretningsområda. Høgare kapitalkrav i bransjen forventar me gir rom for auka rentenetto utan svekking av banken si konkurransekraft. Implementering av nye digitale verktøy vil halde fram og forhåpentlegvis vil det kunne løfte salet vidare i dei digitale salskanalane. Forventa resultat for konsernet i 2017 ligg på 2016-nivå.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2016. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2017. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapen med noter.

Hallingdal, 31. desember 2016 / 14. februar 2017

Kjell Vidar Bergo (sign.) Kristin Ourom (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)
styreiar nestleiar

Odd Holde (sign.) Tore Østlund (sign.) Gro Lundby (sign.)

Vidar Isungset (sign.) Ellen Intelhus (sign.) Knut Oscar Fleten (sign.)
adm. banksjef

6. Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2016 Morbank	2016 Konsern	2015 Morbank	2015 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		3 559	3 876	7 039	7 165
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		251 053	248 119	279 555	276 346
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	8 127	8 127	9 959	9 959
Andre renteinntekter og liknande inntekter		644	653	2148	2178
Sum renteinntekter og liknande inntekter		263 383	260 775	298 701	295 648
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		6 053	6 100	7 867	7 882
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		68 282	68 184	95 107	95 031
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		27 285	27 285	34 334	34 334
Andre rentekostnader og liknande kostnader		4 782	4 790	4 182	4 190
Sum rentekostnader og liknande kostnader		106 402	106 359	141 490	141 437
NETTO RENTE- OG KREDITPROVISJONSINNTEKTER		156 981	154 416	157 211	154 211
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	14 770	14 770	6 220	6 220
Inntekter av eigarinteresser i tilknytta selskap	2	17 307	28 154	4 831	20 883
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	-5 269	-	-11 874	-
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning		26 808	42 924	-823	27 103
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	1 462	1 462	1 502	1 502
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	70 485	70 485	69 381	69 381
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		71 947	71 947	70 883	70 883
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		6 103	6 103	5 936	5 936
Netto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.					
Nto verdiindr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		5 668	5 668	-6 912	-6 912
Nto verdiindr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		2 033	2 033	8 620	8 620
Nto verdiindr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	701	701	904	904
Sum nto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.		8 402	8 402	2 612	2 612
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	109	2 388	131	950
Andre driftsinntekter		2 618	69 435	3 434	71 687
Sum andre driftsinntekter		2 727	71 823	3 565	72 637
SUM ANDRE INNTEKTER		103 781	188 993	70 301	167 299
SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER		260 762	343 409	227 512	321 510

	Note	2016 Morbank	2016 Konsern	2015 Morbank	2015 Konsern
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn	8a	62 223	108 069	53 809	98 212
Pensjonar	9	3 170	4 421	-8 635	-4 711
Sosiale kostnader		11 153	16 627	11 469	16 312
Administrasjonskostnader		37 262	36 739	36 224	36 009
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		113 808	165 856	92 867	145 822
